

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Landaal

Emne: Lauving

Bygdelag:

Oppskr. av: T. N. Sleinsland

Gard:

(adresse): Landaal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Lauvvinga har gått mykje til -  
bake. Men ennå lauvast det av ein  
og annan.

For nokre år attende var lauving  
mykje bruk. I håballen lauva dei  
mykje for 40-50 år sidan. Då fletta  
dei bjøreborke og selde. Dei laut då hog  
-ga brea ned, og så hovde det godt å  
lauva med saune. Under siste verds  
krigen blei det og lauva. Lauv rekvast  
for bra for lil sauer, bjørelauvet gjekk  
mest til desse. Bjørkelauvet blei ofte  
kjerva, men og ofte berre hakka ned og  
burka titt og så inn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Før då dei flette eikeborke til sal, lauva  
dei og eikelauv. Dei laut da lauvet  
rekvast råd d. v. s. ta minst mogeleg av  
kvisten med. Kvister av eik blir så harde  
når dei blir tørka. Med bjørkelauv er det  
ikke så farleg. Kvert d. et både bjørke-  
lauv og småkvister. Til kvert har og ein  
og annan bruk å hakka bjørkelauv på  
hakkemøttin, blanda det med halm -  
hakk. Med litt mjøt på blir det lolleg bra for.

4806

Å lauva heiter i dialekten å laua.  
Ein laua her for og litt enno bjørke  
ospe, selje, raune, eike, aske, tuude,  
og orelauv også litt.

Ospe lauv er best, og dyra likar det  
Ospe lauv blei kvérva, og dei lauva  
det både i håball og etter slåttorn.  
Get er bra for både til sau, ku og hest.  
Dei gamle sa at hesten skulle ha en  
ospekjerr dagleg. Det var så godt råd  
mot iglar (mak i magen, truleg  
larve av hestebremse).

Selje kunde ein lauva både i håball  
og etter slått. Seljelauv er mindre næ-  
raude enn ospe lauv, men både ku og  
sau et det bra. Askelauv er lite bruka,  
blir helst plukka av trea.

Orelauv litt brukt til sau. Men dyra  
likar det ikkje nok soerleg.

3, Til å lauva nyllar ein sterk sigd,  
lauvisgd

4) Ein tek lauvar av nedhogne tre.  
Speldan rispar ein av jordfaste.

For, og til dels enna, kyllar dei  
tre, serleg selje og raun. Ein kyller  
stor tre, dei rynnner då mykje og  
om nokre få år er det store greiner  
att. Ein kyller ofle gamle tre, sa ein  
kan få att nye renningar. Har aldri  
sett ingjerda kylletre.

Lauvet blir kjerva, det er det vanlege, turka litt ute, så bore eller kjørt til skogløa eller heimeløa, lagd rundt veggene med høi over, eller og i eil sers rom t. d. over fjøset. Lauvstakk og surlauv ikkje vori bruka her.

6) Frå skogløa blir lauvet drege eller kjørt heim på snøføre. Augnad i samband med dette ikkje kjent.

7) Lauvar helst i utmarka, berre i innmark ein og annan gong så ikkje trea skal få for stor plass i heimejordet.

Karane styver (hogg ned) og kvister. Kvinnene kjervar.

Å nesja lauvar har ikkje vori bruket her.

Ein kjerv lauvar pr sau pr mål blei brukt for med ein dott høi til. Nå har folk oflast tile lauvar, så sauen får gjerne berre ein kjerv pr dag. Hesten får dei i høi. Men mange meiner at sauen trivst ikkje berre på høi. Han blir matlei. Sauv held matlugen oppe og sjukdom borte. Hesten skulle eller dei gamle si meining ha 1 kjerv om dagen. Det heldt matken borte. Nå er det farre som har ospelauvar til hesten.

Lauv til gris ukkje brukt.

11)

### B. "Daulau"

Daulau er lauv som delte av  
tre om hausten. Dette reknaast for  
nau for og har mest aldri vore nytta  
til for (Gjælaau, men også aunaau  
vore litt nytta til sau, også under  
siste storkrigen)

Men elles har daulaau vore  
mykje brukt til bos (strø), fjøs, ser-  
leg under gris og kalv. Endå blir  
dette brukt. Ein rakar det saman  
med rive og ber eller koger det heim  
i sekkevis.

Kvinner og barn er ofte  
med på dette arbeidet.

Heime blir daulaue "lagt  
på ein turr plas i skjöl eller lœe.

4806